

Hafuordzlid - Håvardslie (gnr. 136)

Hafuordzlid: Gardnamn av mannsnamnet Havardr. Ein merker seg elles at namnet lenge har vore skrivi med vokalen o Hovorlien ell. Hoverslien.

Det er i eit diplom av 1330 at gardnamnet er skrivi Hafuordzlid. I manntalet for Bygningsskatten 1594 er skrivi forma Hoffuordzlid, og 16 år seinare er det i 1610 opplyst at John var brukar på garden, og han vart da ført i gruppa for "Ødegaardsmend". Jon var framleis brukar på garden i 1620, og skrivemåten av gardnamnet var og den same, likeså i 1630. men i manntalet for Kopskatten 1645 er gardnamnet skrivi Haffuerdsli, og Jon betalde den utlikna ekstraskatten for 2 Mandfolch og 2 Quindfolch med i alt 1 ½ mark i pengar. Jonnamnet som så lenge går att, tyder elles på at brukaren i denne tid med farsnamn heitte Jon Jonsen. Etter atter 12 år var det vorte to brukarar på Hafuerslj, Nils og Oluf, og det er vidare opplyst at buskapen på garden da var 2 hopper, 10 naut, 10 geiter, 14 sauer og 1 gris, så det var sikkert gått mange ættleder sidan garden var ei rydningsplass.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. der er det om "Hoffuerslij" vidare fortalt at Oluf og Nils framleis var brukarar der, og at landskylda av garden var 1 hud, men at landskylda og kunne svarast med 1 ½ pund 4 merker smør. Nils og Oluf var brukarar, men eigar av garden i den tid var "Welbr. Hans Bielshes arffuinger", så brukarane var altså enda leigendingar eller bygselbønder. Av andre opplysningar om Håvardslia i 1668 merker en seg at buskapen av store husdyr da var 2 hestar og 7 naut, og at kornavlinga vart uttreidd med 1 ½ tønne, som altså svara til ei årsavling på 15 tønner. det går elles fram at garden alt da hadde seter og sommarbeite til krøtera på Kinna seter. Ti år seinare var det i 1678 Ole og Peter som hadde tatt over og var leigendingar for hr. Hans Bielches arvingar.

Men alt fem år seinare var Oluf, som med farsnamn heitte Oluf Pedersen, vorte odelseigande bonde. Han let da ved tinget på Tollersrud den 10. okt. 1683 lesa sitt skjøte frå broren Lauridz Pedersen på "en huds gods i Hofferslien". Av 1706 er eit anna dokument som gjeld "Hofuerslien". det hadde da vore brukarskifte på garden, og Peder Olsen let tinglesa "kjøpebrev på åsetesretten til Hofuerslien, skyld 1 hud med bøksel, utstedt av kaptein Jørgen Bielche." Etter atter 15 år fekk og Peder Olsen søskenskjøte frå brørne Guttorm Olsen og Ole Olsen og søstera Kiersten Olsdr. på "deres tilfaldne arvepartar i Hofverslien som med hans egen arvepart skylder 1 hud." det går vidare fram at søstera Kiersten Olsdr. da var gift med "Bendt Tostensen Studs-Hoved".

Med matrikkelframlegget av 1723 kom fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om "Hoverslien" fortalt at garden ligg i baklien, og at den da var tungbrukt. Men jordarten var god, "dog noget vaadlent og aarvant", eit ord som tyder på det motsatte av årviss. Vidare er det om Hoverslien fortalt at det var skog der til brenneved og gjerdefang, "samt fornøden huustømmer". Buskapen på garden var da 2 hestar, 13 naut og 6 sauer, og det vart årleg sådd kring 4 tønner bygg og litt rug. Landskylda var framleis 1 hud, og oppsittaren Peder Olsen var både eigar og brukar av garden.

Peder Olsen heldt så fram som brukar til i 1745. Da skjøta han garden over til sonen Ole Pedersen Hovorslien for kjøpesum 200 rd. + føderåd til foreldra for resten av levetida. I samband med handelen lånte så kjøparen Ole Pedersen 210 rd. av Syver Prestrud og Jens Blegen mot grd. Hovorslien, av skyld 1 hud, som underpant. Denne skulda hadde elles Ole Pedersen Hovorslien vanskeleg for å greie, og i 1752 vart han dømt til å tilbakebetale lånet

med renter frå 14. april 1745. – Sikkert i samband med denne dommen gav så den 2. sept. 1752 Ole Pedersen Hoverslien skjøte til Hans Svendsen Præsterud og hans arvingar på grd. Hovordlien av skyld 1 hud for kjøpesum 300 rd. og føderåd til seljaren, kona hans og mor hans.

Hans Svendsen Præsterud hadde så garden til i 1754, da han skjøta Hovorslia vidare til Torkild Olsen Ekrum og arvingar av Gausdal for 330 rd. + dei påkvilande føderåd. I samband med handelen lånte så kjøparen Torkild Olsen mot obligasjon 200 rd. av Ole Siverson Schiellerud mot årleg rente 4 % og 1 pr. pant i grd. Hovorslien. – Den nye eigaren Torkild Olsen Hoverslien, som han straks skreiv seg, hadde elles ikkje garden lenger enn i 2 år. Da selde han grd. Hovorslien vidare til Jørgen Ørjansen Nustad og hans arvingar for sum 353 rd. – Mot denne handelen protesterte Ole Pedersen, Hovorslien, og protesten er etter utskrift sålydande:

”Hovorslien.

Protest dat. 18. juni 1756 tgl. 4. oktober s.å.

Ole Pedersen Hovorslien av Faaberg sender en protest til hr. sorenskriveren. Han har for omtrent 4 år siden solgt sin odelsgård Hovorslien til Hans Præstrud for sum 300 rd. Nu har denne solgt den til Torkild Olsen Nustad og han igjen til Jørgen Ørjansen, og de har solgt den for høiere summer, den siste for 350 rd. Nu finder han på egne og sine børns vegne sig beføiet å protestere ikke alene mot kjøpet, men også mot skjøtene som de har utstedt. Han reserverer sig og sine børn gården Hovorsliens innløsning for den sum som er utkommet fra ham så vel som erstatning for gårdens forringelse, og endelig sak derom til tid og sted å anlegge.”

Men Jørgen Ørjansen Hovorslien hadde garden vidare i 1757. han lånte da 100 rd. av Guttorm Berge d.e. i Gausdal mot 1. pr. pant ”i sin gård Hovorslien 1 hud”. Og framleis lånte Jørgen Ørjansen også 460 rd. i 1766 mot ”1ste prioritet i si eiende gård Haaverslien av skyld 1 hud til like med alt sit løsøre.” Ein ser at skrivemåten av gardsnamnet framleis var ustø og skiftande.

Tre år seinare gav så i 1769 Jørgen Ørjansen skjøte til Engebret Olsen Hoverslien, som da var trulova med dotter hans, Dordi Jørgensdtr. Kjøpesummen for garden var da 350 rd. + føderåd til svigerforeldra Jørgen Ørjansen og Mari Erlandsdtr. for resten av levetida.

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 2 familiar i og/eller ved Hovorslien. Dei var: 1. familie: 1. Engebret Olsen, husbonden, 57 år, 2. Dordi Jørgensdtr., kona hans, 48 år, 3. Jørgen Engebretsen, son deres, 24 år, 4. Rønnaug Engebretsdtr., dotter deres, 19 år, 5. Anne Engebretsdtr., dotter deres, 19 år, 6. Ole Engebretsen, son deres, 15 år, 7. Christen Engebretsen, son deres, 11 år, 8. Amund Engebretsen, son deres, 9 år, 9. Mari Engebretsdtr., dotter deres, 5 år, 10. Mari Gundersdtr., føderådskone, 72 år. 2. familie: 1. Ole Pedersen, legdmann, 85 år, 2. Rønnaug Engebretsdtr., kona hans, legdkvinne, 3. Ole Jørgensen, bror til husmora, ”Dum og nyder lægd”, 42 år, 4. Nils Jørgensen, ”gaaer i Dagleie”, 24 år.

Sju år seinare skjøta i 1808 Engebret Olsen grd. Hoverslien over til eldste sonen, Jørgen Engebretsen. for kjøpesum 700 rd. og føderåd etter kontrakt til foreldra Engebret Olsen og Dordi Jørgensdtr.

Føderådsmannen Engebret Olsen vart elles ingen gamal mann. Han døde i 1816, og den 5. mai 1817 var det avsluttande skifte på ”Haavardslien i Faaber”. Ved dette skifte var truleg ikkje noko jordegods medregistrert i skiftebuet, og buet utgjorde brutto 96 rd. og netto 88 rd. Arvingane ved skiftet var, forutan enka Dordi Jørgensdtr., dei 7 borna som vi før kjenner frå

manntalet av 1801. Det er dessutan opplyst at dottera Rønnaug da var gift med Iver Børde frå Gausdal, og dottera Mari var gift med Peder Lien, også frå Gausdal.

Litt om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om Hovorslien fortalt at buskapan av store husdyr i den tid var 2 hestar og 18 storfe, og den årlege kornavlinga utgjorde kring 48 tønner.

År 1833 var føderådskona Dordi Jørgensen og død, og den 1. desember var det atter skifte på "Haavardslien i Faaberg". Ved dette skifte vart det m.a. gitt fleire opplysningar om slekta. Såleis går det tydeleg fram at sonen til den avdøde, Ole Engebretsen, som hadde vore gift med Mari Jensdtr. Hovorslien, da var død. Men dei hadde to born i ekteskapet, Dorthe, som var 17 år, og Mari, som var 14 år. Vidare er det og opplyst av sonen av den døde, Amund Engebretsen, som hadde vore gift med Ingeborg Jensdtr. Hovorslien, også var død, og at dei og hadde to born i sitt ekteskap: Dorte, som var 13 år, og Jens, som var 8 år. Avdøde bestemor Dordi hadde altså hatt den glede å bli minst to gonger tydeleg oppattkalla medan ho var i levande live. Vidare er det ved skiftet i 1833 også oppgitt at dottera Anne Engebretsdtr. da var gift, og at mannen hennar var Knut Skålenget.

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 vart den gamle landskylda i huder og skinn skifta ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Hovorslia fekk da som si nye matrikkelskyld: 6 skylddalar 1 ort 8 skilling, og det var i den tid Jørgen Engebretsen som var eigar og brukar av garden. Men same året, altså i 1838, skjøta så Jørgen Engebretsen over til sonen Peder Jørgensen, som hadde Hovorslia til i 1854, da han gav skjøte til svigersonen Ole Simensen Tollersrud både på grd. Hovorslien og på Sønsteødegård av Studshoved for kjøpesum 550 spd. og 2 føderåd til 350 spd., tilsm. 900 spd.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det såleis om "Hoverslien" oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer på garden i den tid utgjorde 248 mål, og av dette var 73 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det og opplyst at husdyrhaldet på Hoverslien med plassar var: 3 hestar, 20 storfe og 22 småfe, og at den årlege utsæd var: 8-9 tønner korn og 7-8 tn. settepoteter. To-tre år seinare var det i 1867-68 utskifting av ein del skog i "Stølmarken", og tretti år seinare var det i 1899 ei større utskifting av hamnetilhøva på Støla og Kinna o. fl setrar. År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. Garden vi her har for oss, fekk dertil endra si skriveform av namnet til Håvårslie, som altså samtidig fekk gardsnr. 136 av samla skyld 10,31 mark, og eigar og brukar av garden var framleis Ole Simensen Tollersrud.

Men fire år seinare skjøta i 1890 Ole Simensen Hoverslien, som han og skreiv seg, garden til sin svigerson Oluf Olufsen Simenrud for kjøpesum kr. 3500,- og eit føderåd av 5-årleg verdi kr. 1000,-.

Som eit streif av nyare tid tek vi elles med at ved kommunevalet i 1907 budde det 3 personar med røysterett i Håvårslie. Dei var: 1. Gardbr. Oluf Olsen Haavardslien, 46 år, 2. Husmor Elise Olsdtr. Haavardslien, kona hans, 46 år, 3. Husmann Jakob Olsen, 40 år. Ein merker seg at dette var enda i den tid da røysterettsalderen var 25 år.

Ved jordbruksregistreringa av 1939 var det framleis berre eitt bruksnummer under gardsnr. 136. Det var: Grn. 136, brn. 1 Håvårslie med eit jordbruksareal av åker, hage og eng på ca. 100 mål (da); som Odvar Simenrud var eigar og brukar av.